



## GULATING LAGMANNSRETT

### Overskjønn

---

**Sagt:** 21.12.2009 i Gulating lagmannsrett,

**Saksnr.:** 09-025843SKJ-GULA/AVD1

**Domar:**

Lagdomar

Ove Midttun

**Skjønnsmedlemar:**

Tone Margrethe Oppedal

Grete Hovland

Einar Sofienlund

Hjalmar England

**Saka gjeld:** Naturvernskjønn

---

Miljøverndepartementet

Advokat Endre Grande

**mot**

Albert Yndesdal  
Magnus Yngsdal

Advokat Karl Wahl-Larsen  
Advokat Karl Wahl-Larsen

Saka gjeld fastsetjinga av overskjøn i samband med skipinga av Yngsdalen naturreservat i Luster kommune.

Etter skipinga av Yngsdalen naturreservat 18. juni 2004 og at drøftingar med grunneigarane ikkje leidde til semje, fremja Staten ved Miljøverndepartementet krav om overskjøn for Sogn tingrett mot Albert Yndesdal og Magnus Yngsdal. I skjøn 15. desember 2008 fastsette Sogn tingrett følgjande slutning:

- ”1. Erstatningen vert fastsett slik:
- |   |    |           |
|---|----|-----------|
| a. For gnr 129/1:                                   | kr | 11 700    |
| b. For gnr 129/2:                                   | kr | 16 750    |
| c. For eigedomane samla til fordeling seg i mellom: |    |           |
|   | kr | 4 283 500 |

Beløpa forfell til betaling to veker frå skjønnet er forkynt.

2. Avsavsrenta vert sett til 5 % rekna frå dato for forkynning av skjønnet.
3. Staten v/Miljøverndepartementet betalar i sakskostnader til dei saksøkte kr 169 991, 75 – hundreogsekstinitusennihundreognittieinkommasyttifem. Beløpet forfell til betaling to veker frå skjønnet er forkynt.
4. Staten v/Miljøverndepartementet betalar dei lovbestemte utgifter med skjønnet.”

Miljøverndepartementet fremja krav om overskjøn innan den lovsette fristen. Dei saksøkte gav tilsvar. Førehavinga av overskjønnet vart halde 14. - 16. oktober 2009 i Luster rådhus i Gaupne. Advokat Endre Grande var prosessfullmektig for saksøklar og rådgjevar Stein Harald Byrkjeland frå Fylkesmannen i Hordaland møtte som representant for Staten. Advokat Karl Wahl-Larsen møtte som prosessfullmektig for Albert Yndesdal og Magnus Yngsdal. Dei saksøkte møtte og gav forklaringar. Det vart elles høyrte 4 vitne. Lagmannsretten saman med partane, prosessfullmektigane og vitne var på synfaring i Yngsdalen.

### **Kort om tilhøva i Yngsdalen og naturreservatet.**

Yngsdalen er ein hengedal som munnar ut på vestsida over Veitastrondavatnet. I dalen er det to gardsbruk som vart fråflytta king midten av 1960-talet. Bruka er veglause og folk må i båt over Veitastrondavatnet (172 moh) for å koma dit. Bustadhusa og driftsbygningane på dei to bruka ligg på om lag 450 moh.

Yngsdalen naturreservat dekkjer om lag 2 391 daa og strekkjer seg frå om lag kote 490 opp over eit vidt myrområde med tilgrensande dalsider godt 3,5 km innover i dalen til om lag kote 700. På dei lågast liggjande myrområda i naturreservatet hadde dei to bruka i si tid slåtteteigar, medan områda lenger inn var beite. Bruka har vårstøl og fjellstøl i området som no er naturreservat. Stølshusa står dels att.

Føremålet med fredinga var å tryggja eit myrområde med naturleg dyre- og planteliv. Naturverda i Yngsdalen vart skildra og kartlagt av Moe i 1983. Avgrensingane i kart som vart gjort i 1983, samsvarar på dei sentrale delane med det området som vart gjort til naturreservat i 2004. På grunnlag av kartlegging i 1983 vart Yngsdalen plassert i kategori A med viktige naturtypar og vurdert til å ha nasjonalt verneverde.

I føredraget frå Miljøverndepartementet i samband med fredingsvedtaket uttalte Direktoratet for naturforvaltning følgjande:

”(H)ovedformålet med vern av dette området er å sikre et myrområde av en størrelse som er sjelden i Sogn og Fjordane under skoggrensa, og som har innsalg av rikmyr, kilder og sjeldne plantearter. En spesiell kvalitet med området er at myra fyller dalbunnen, med en meanderende elv og ulike vannmiljø tilknyttet et urørt elvesystem.”

### **Skjønnsføresetnader**

Føresegna for naturreservatet som vart fastsett 18. juni 2004, utgjer dei allmenne skjønnsføresetnadane. Lagmannsretten syner her til skjønet frå tingretten der føresegna er gjeven att. Vidare vart det under førehavinga i tingretten gjeve fråsegn frå saksøklar om at dei saksøkte kunne pårekna unnatak frå føresegna med omsyn til bygging av stølshus på dei to stølane, avgrensa løyve til motorisert ferdsle og uttak av grus til vedlikehald av vegen fram til vårstølen. Desse særskilde skjønnsføresetnaden er òg gjevne att i skjønet frå tingretten.

**Saksøklar**, Miljødepartementet, gjer gjeldande at vurderinga til skjønnsretten skal gå ut på å fastslå kva som vil ville ha vore den sannsynlege utvikling dersom vernevedtaket ikkje hadde vorte gjort. Det er ikkje tilstrekkeleg til å gje skadebot for tap etter naturvernlova § 20 at det låg føre ei moglegheit for ei påstått utvikling. Kravet er at skjønnsretten må kjenna seg rimeleg trygge på at det i dette tilfelle ville ha vorte gjeve løyve til kraftutbygging. I tilfelle der det er tale om drift som krev løyve frå det offentlege, skal det meir til enn vanleg sannsynsovervekt.

Det er ikkje pårekneleg at NVE ville ha gjeve løyve til kraftutbygging med inntaksdam etter alternativ A eller C i det førebels opplegget frå Småkraft AS, dersom naturreservatet ikkje hadde vorte skipa. Det gjeld sjølv om utbyggjar hadde gjort tilpassingar i utbyggingsplanane.

Myrområda i Yngsdalen har store verneverde og vart klassifisert å ha nasjonalt verneverde før naturreservatet var skipa. Eit viktig element i området var den særmerkte elva som ligg der urørd. Verneverdet som ligg i myrområdet, er åleine slik at det ikkje ville ha vorte gjev

løyve til inngrep i form av kraftutbygging – ikkje berre tiltak i sjølve myrområdet, men òg i randsona til det området som var klassifisert som eit A-område.

I tillegg til verneverda som ligg i myrområdet, er det andre viktige naturomsyn som ville gjort at det ikkje ville ha vorte gjeve løyve til kraftutbygging. Vegframføring med bruer over Veitastgrondavatnet og veg opp den bratte lia og vidare til inntaksdammen, vil vera eit stort naturinngrep i eit område som er veglaust og framstår som urørd. Dette saman med ei røyrgate i dagen ned det bratte partiet til Veitastrondavatnet og kraftleidningar over vatnet, gjer det ikkje pårekeleg at det ville ha vorte gjev løyve.

Vidare er det i elvar til og langs Veitastrondavatnet søkt om løyve for bygging av seks – sju andre kraftverk. Kraftutbygginga i området må difor gjevast ei samla vurdering og med dei verneverda og naturinngrepa som ei utbygging etter alternativa A eller C ville ha representert, tilseier det at det ikkje er pårekeleg at det ville ha vorte gjev løyve.

Ved ei vurdering av ein mogeleg søknad om kraftutbygging i Yngsdalen vil alle dei nemnde ulempene ha vorte vurdert samla og i sum vil det i alle høve ha leidd til avslag.

Subsidiært uttalar saksøkjjar at Staten ikkje har særleg merknader til skjønnet frå tingretten når det gjeld storleiken på skadebota dersom det var pårekeleg med utbygging. Kostnadane i samband med bygginga ville ha vorte høgre enn det tingretten la til grunn. Det gjeld kostnader til vegframføring, boring for røyrgata i bratta ned til Veitastrondavatnet og sjøkabel i staden for luftspenn frå kraftstasjonen over vatnet til kraftnettet. På driftssida ville pålegg om minstevassføring med tilsvarande produksjonstap, gjort at inntektene ville ha vorte mindre enn det tingretten la til grunn. Sannsynlege driftskostnader ville ha lege litt høgre enn det tingretten kom til.

Det er uvisst kva ordninga med grøne sertifikat ville ha gjeve for utslag på inntektssida. I alle høve er det grunn til å tru at inntekter av grøne sertifikat vil verta utlikna gjennom tiltak på skattesida. Med den uvissa som er på dette området no, er det ikkje nokon grunn til at det skal gje nemnande utslag på inntektene.

Nydyrking og skogsdrift kan berre tenkjast aktuelt ved vegframføring med bruer over Veitastrondavatnet . Kraftutbygginga kan løysast utan bruer. Det er ikkje pårekeleg med vegutløysing til bruka i Yngsdalen.

Subsidiært er ikkje pårekeleg at det vert gjeve løyve til nydyrking i myrane oppe i Yngsdalen i det omfanget som må til for å få til naudsynte driftsgrunnlag for bruka. Vidare ville kostnadane med nydyrking ha vorte høgare enn det som dei saksøkte legg til grunn.

For skogsdrifta ville driftsnettoen i alle høve vorte mindre enn det tingretten lag til grunn.

Kapitaliseringsrenta skal setjast til fem prosent.

Saksøkjær sette fram slik påstand:

- ”1. Overskjønnet fremmes så langt det er begjært.
2. Saksøker frifinnes for de saksøktes erstatningskrav.
3. Saksøker dekker de saksøktes nødvendige omkostninger til juridisk bistand samt omkostningene ved domstolen.”

**Dei saksøkte**, Albert Yndesdal og Magnus Yngsdal gjer gjeldande at det er pårekneleg at det ville ha vorte gjeve løyve til kraftutbygging med inntaksdam etter alternativ C. Utbygginga ville ikkje ha ført med seg naturinngrep som skulle tilseia at NVE ville ha avslege ein søknad. Det er ikkje påvist dyre- eller planteartar som er raudlista. Inngrepet ville ikkje hatt nemnande innverknad på naturkvalitetane i myrområdet. Dei to alternative inntaksdammane (A og C) hadde vore plassert slik at korkje elvelaupet i myrområdet hadde vorte endra eller leidde til oppdemming mot myrområdet. Utbygging ville i alle høve berre kunna fått innverknad på ein liten del (3 %) av det no verna området

Dei to alternative inntaksdammane var tenkt bygde i eit område som er kategorisert som eit A-området, men området er ikkje urørd. Der har budd folk og vore drive store gardsbruk i Yngsdalen fleire hundre år. Vegframføring kunne gjerast utan inngrep som ville ha vorte fremtredande og øydeleggjande for landskapsverdet – òg i det bratte partiet opp frå Veitastrondavatnet. Vegfamføring over Veitastrondavatnet er ikkje naudsynt for å kunna få til kraftutbygging frå Yngsdalen. Røyrgata kunne leggjast i grøft. Elva frå Holetjørna kunne om ønskjeleg haldast opp ved å påleggja ei avgrensa sommarvassføring. Økonomisk sett ville utbygging i alle høve vore lønsam.

Fylkesmannen si miljøvernavdeling ville ha vore negativ til utbygging i Yngsdalen, men det er åleine ut frå ei vurdering av miljøomsyn. NVE som har avgjerdsmynde, skulle ha vurdert søknaden på eit breitt grunnlag. Det er etter måten få søknader om utbygging av småkraftverk som vert avslegne. Ut frå den globale miljøutfordringa er dei politiske føringane slik at det i størst mogeleg grad skal satsast på tilverking av energi som ikkje forureinar. Det er såleis stor vilje til å satsa på utbygging av små kraftverk. Avtala om grønne sertifikat er eit tiltak i den samanhangen. Innstillinga lokalt er tel òg mykje i den samla vurderinga. Luster kommune ville gått inn for utbygging i Yngsdalen. I samband med skipinga av naturreservatet i Yngsdalen gjekk Luster kommune imot tiltaket nettopp fordi det ville hindra kraftutbygging der. Veg opp til Yngsdalen ville ha kunna leidde til revitalisering av bruka, noko som Luster kommune prioriterer. Veg vil òg ha gjort området meir tilgjengeleg for turfolk.

Yngsdalselva var plassert i kategori I i Samla plan. I tilrådinga til søknaden om bygging av Holen kraftverk (alternativ B) gjekk ikkje Fylkesmannen i Sogn og Fjordane imot utbygging.

Veitastrondavatnet er regulert. Sett i høve til dei andre utbyggingssøknadane for elvar kring Veitastrondavatnet, ville ein søknaden om utbygging i Yngsdalen ha vorte vurdert for seg. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har berre gått imot ein av søknadane (Sigdøla) og tilhøva ved ei mogeleg utbygging i Sigdøla kan ikkje samanliknast med utbygging i Yngsdalselvi.

Det er realistisk å leggja til grunn ein kraftpris på lang sikt på kr 0,37 per kWt òg om ein tek omsyn til skilnaden i prisnivå mellom sommar- og vinterkraft. Ordninga med grøne sertifikat gjev auka inntekter dei første 15 åra. Det er tale om ei samordning med Sverige der det er tale om inntekter opp mot 20 øre per kWt. Produksjonstap for mogeleg pålegg om minste sommarvassføring ville i tilfelle dreia seg om 1 GWt. I budsjetta er det teke inn om lag 8 millionar kroner til sams nettløysing ut frå Veitastrondi. Driftskostnadane er budsjetterte ut frå røynsler frå tilsvarande kraftverk. Skilnaden i netto inntekter mellom alternativa C og A ligg på kring 8,6 millionar kroner. Ved verdesetjinga må det òg takast omsyn til at grunneigarane etter 40 år har rett til å overta anlegget for 50 % av teknisk verde.

Kommunen ville ha gjev løyve til nydyrking i myrområdet i Yngsdalen. Frå tidlegare var store slåtteteigar dyrka slik at for ein del av området ville det ha vore tale om å rydda dyrka mark. Realistiske kostnader for nydyrkinga ville ha lege på kr 4 500 til kr 5 000 per daa. Vegutløysing saman kraftinntekter og nydyrking ville gjeve høve til å revitalisera gardsbruka i Yngsdalen.

Med vegutløysing ville det vera mogeleg med lønsam skogsdrift i Yngsdalen. Tap som skuldast hindra utnytting av granfelta må erstattast for uttak tilsvarande årleg tilvekst. Etter føresegna for naturreservatet er det høve til eit avgrensa uttak skog til ved på særskilde vilkår.

Dei saksøkte sette fram slik påstand:

1. Overskjønnet fremmes.
2. De fastsatte erstatninger forhøyes.
- 3 De saksøkte tilkjennes erstatning for sakkyndig og juridisk bistand.

### **Lagmannsretten sine merknader.**

Partane krev overskjønnet fremja. Lagmannsretten fremjar overskjønnet idet det er ikkje tilhøve som tilseier at saka ikkje kan fremjast.

Skipinga av Yngsdalen naturreservatet inneber at grunneigarane med tilvising til naturvernlova § 20 har krav på skadebot for å dekkja tap som måtte ha oppstått som følgje av inngrepet ved at grunneigarane vert hindra i elles pårekneleg utnytting av eigedomane.

Dei saksøkte gjer gjeldande at dei har tap grunna inngrepet ved at dei for det første vert hindra i kraftutbygging med inntaksdam innafor grensa for naturreservatet. Vidare gjer dei saksøkte gjeldande at ved kraftutbygging ville det ha vorte bygd veg fram til bruka i Yngsdalen og det ville ha gjeve dei saksøkte høve til å ta ut skog og til å dyrka og hausta på ein del av myrområda innafor grensa til naturreservatet. Dei saksøkte krev difor òg dekkja tap som skuldast at dei vert hindra å ta ut skog og nytta landbruksareal.

### **Kraftbygging**

Lagmannsretten er som tingretten, komen til at det er pårekneleg at det ville ha vorte gjeve løyve til kraftutbygging med inntaksdam innafor grensa til naturreservatet dersom naturreservatet ikkje hadde vorte skipa. Frå dei saksøkte vart det utgreidd to utbyggingsalternativ med inntaksdam i naturreservatet, alternativ C med inntaksdam på kote 539 og alternativ A med inntaksdam på kote 500. Lagmannsretten er delt idet eit **fleirtal, domarane Midttun, Oppedal og England** er komen til at det er pårekneleg at dei saksøkte ville ha fått løyve til utbygging etter alternativ A dersom Yngsdalen naturreservat ikkje hadde vorte skipa. **Mindretalet, domarane Hovland og Sofienlund** legg til grunn at det er pårekneleg at det ville ha vorte gjev løyve til utbygging etter alternativ C.

Lagmannsretten samla legg til grunn at inntaksdammene ved båe utbyggingsalternativa ville ha kome innafor eit område i Yngsdalen der naturverda kring 1983 vart kartlagde og området vart kategorisert som eit A-område. Det vil seia eit område med nasjonale naturverde. Særmerka og naturkvalitetane i området er omtala i tingretten sine merknader som lagmannsretten syner til.

**Fleirtalet** si vurdering er at utbygging etter **alternativ C** ville ha leidd til at vætetilhøva på delar av myrområdet ville vorte endra ved at eit område på om lag 7 daa ville kome under nivået for toppen av inntaksdammen (kote 539). Damkruna var planlagt bygd i ei lengde på om lag 50 m. Det aktuelle området er flatlendt og bygging av inntaksdam der ville ha verka inn på vætetilhøva i myra i større område enn det som kom under nivået for toppen av inntaksdammen. Vidare ville ei slik utbygging i nokon monn ha påverka det særmerkte elvelaupet i myrområdet. All den tid det for det første ville vore tale om inngrep som i ikkje liten grad ville ha skada nasjonale naturverd og dinest at det var mogeleg å få til økonomisk forsvarleg kraftutbygging i Yngsdalen utan i nemnande grad å skada nasjonale naturverde, er det ikkje pårekneleg at dei saksøkte ville ha fått løyve til utbygging etter alternativ C.

Fleirtalet er komen til at det er pårekeleg at det ville ha vorte gjeve løyve til utbygging etter **eit noko modifisert alternativ A**. Fleirtalet legg til grunn at inntaksdammen ville ha vorte godkjent i samsvar med skissa i utgreiinga frå Småkraft AS. Inntaksdammen slik den er skissert, ville i tilfelle ha vorte plassert heilt i utkanten av A-området. Terrenget var fallande i denne delen av A-området slik at demninga med ei om lag 35 m lang damkrune på kote 500, vil ikkje i nemnande grad verka inn på miljøtilhøva i myrområdet eller den delen av elvelaupet som er særmerkt. Neddemt areal ville i tilfelle ha vore på om lag 0,1 daa. Inngrepet ligg i utkanten av A-området, men terrenget og det skissert inngrepet ville ikkje etter fleirtalet sitt syn i nokon grad påverka den verneverdige heilskapen som A-området representerer.

Etter fleirtalet sitt syn ville det som føresetnad for løyve etter alternativ A, vorte gjeve pålegg om ein del endringar i høve til skissa frå Småkraft AS. Slik det vert oppsummert av Småkraft AS, har landskapet der alternativ A var tenkt utbygd, stort verde og dei negative konsekvensane for landskapet ved utbygging ville ha vorte store. Fleirtalet er samd i denne vurdering, men er komen til at pålegg om avbøtande tiltak likevel kunne ha gjort det mogeleg å få til utbygging.

Særleg elva frå Holetjørni til Veitastrondavatnet er eit markert landskapselement og iaugefallande frå vegen som ligg på austsida av Veitastrondavatnet. For å sikra dette landskapselementet, er det pårekeleg at det ville ha vorte gjev pålegg om minste vassføring. Småkraft AS har rekna ut ulike nivå for minste sommarvassføring. Allmenn lågvassføring (sommar) ville ha innebore eit årleg produksjonstap på 1 GWt. I tilråding i brev 2. juli 2007 til søknad om utbygging av Yngsdalselvi etter alternativ B, gjorde Fylkesmannen i Sogn og Fjordane gjeldande krav om ”*minstevassføring minimum tilsvarande 5-persentil vassføring gjennom heile året*”. Etter fleirtalet si vurdering bør minste vassføring setjast i samsvar med det som Fylkesmannen i Sogn og Fjordane tok til ordet for i si tilråding. Skjønsmessig vert tapet ved pålegg om minste vassføring slik at årsproduksjonen ville ha lege på 25 GWt.

Slik landskapstilhøva er i området ned mot Osphola, ville ei røyrgate i dagen representera eit element som det ikkje er pårekeleg at det ville vorte gjev godkjenning til. På det meste av dette strekket gjeld det røyr med diameter på 1,1 m. Boring av tunnel eller sprenging av grøft ville i tilfelle ha vore pårekelege tildekkingsmåtar.

Det er ikkje pårekeleg at NVE ville ha godkjent ein søknad som innebar framføring av anleggsveg frå Osphola opp den bratte lia til terrenget flatar meir ut. I lia ville bygging av ein anleggsveg måtta ha leidd til etter måten store inngrep som ville ha endra eit nærast urørd landskap mykje. Fleirtalet peikar på at det aktuelle området ligg slik til at det er iaugnefallande for vegfarane langs austsida av Veitastrondavatnet. Utan vegframføring ville bygging av inntaksdam og røyrgate føresetja bruk av helikopter.



Bygging av ei 66 kV, alternativt 22 kV kraftline, over Veitastrondavatnet er det ikkje pårekeleg at det ville vorte gjeve løyve til. I tilråding i brev 2. juli 2007 til søknad om utbygging av Yngsdalselvi etter alternativ B, gjorde Fylkesmannen i Sogn og Fjordane gjeldande krav om at *”straumen bør transporterast ut ved hjelp av kabel lagt i Veitastrondsvatnet”*. Dette ville i tilfelle vorte eit sannsynleg opplegg dersom det hadde vorte utbygging med kraftstasjonen i Osphola.

I tillegg til tap i produksjon som følgje av pålegget om minste vassføring, ville dei andre avbøtande tiltaka ha gjort utbygginga dyrare. Arnulf Røkke frå Småkraft AS uttalte at bruk av helikopter under bygginga ville innebera auka utbyggingskostnader på om lag 10 %. Meirkostnadane med bygging av røyr gata og legging av høgspenst sjøkabel ville ha vorte noko mindre enn meirkostnadane ved å nytta helikopter.

Småkraft AS la til grunn prisar frå 2005. Sakshandsamingstida i NVE tilseier at utbygging ikkje ville kunna vorte gjennomført før i 2010. Ved vurderinga av sakshandsamingstida legg fleirtalet vekt på at ein søknad utbygging etter alternativ A, som ville ha golde utbygging med inngrep i eit A-område og i eit meste urørd særmerkt landskap ned mot Veitastrondavatnet, ikkje ville ha vorte avgjort kurrant. Eit praktisk problem for utbygging i Yngsdalselvi ville ha vore at linekapasiteten ut frå Veitastrondi til hovudkraftnettet, ikkje er dimensjonert for kraftoverføring på det nivået det her er tale om. Dette er tilhøve som inneber at utbyggingskostnaden må justerast for prisutviklinga i nokon større grad enn det tingretten gjorde.

Ut frå pårekeleg produksjon halde opp mot samla pårekelege utbyggingskostnader, legg fleirtalet til grunn ein utbyggingspris på kr 2,52 per kWt.

Prisutviklinga gjer at i dag 37 øre per kWt må leggjast til grunn som langsiktig gjennomsnitt over året. Ut frå data frå Småkraft AS vil om lag 80 % av produksjonen liggja i tida frå 1. mai til ut september månad. Med 80 % sommarkraft legg lagmannsretten til grunn ein pris 34 øre pr kWt.

Ordninga som er omtala som ”grøne sertifikat”, har ville ha gjeve utslag på inntektene ved kraftutbygging i Yngsdalen. Kva ordninga vil innebera er ikkje fastlagt slik at det er uråd å kunna kvantifisera inntektene frå grønne sertifikat på ein rimeleg kvalifisert måte. At der kjem ei ordning som vil ha hatt noko å seia for inntektene er sannsynleg, og fleirtalet har lagt vekt på det ved utmålinga.

Avtala med Småkraft AS gjev elveeigarane rett til å ta over anlegg etter 40 år til 50 % av teknisk verdi. Det ville tvillaust ha vore eit verdi for elveeigarane, men i det tidsperspektivet det her er tale om, vil dette verdet ha etter måten lite å seia ved fastsetjinga av tapet.

Trong for å fara i båt over Veitastrondavatnet fram til kraftstasjonen og manglande veg opp til inntaksdammen ville i tillegg ha gjeve litt høgare driftskostnader enn det som vanleg er for anlegg av denne storleiken.

Partane er samde om at avtalemодellen som ville ha vore aktuell ved utbygging i Yngsdalen, ville gjeve 50 % av årleg overskot til elveeigarane. Partane opplyser at dei to saksøkte sit med 27,4 % av fallrettane. I avtala med Småkraft AS skulle overskotet fastsetjast til driftsinntektene med frådrag av drifts- og kapitalkostnader, avskrivning og grunnrenteskatt.

Dei saksøkte har krav på skadebot for tapet frå då vernevedtaket vart gjort. Samstundes må det takast omsyn til at dei saksøkte ikkje ville ha kunne kome i gang med kraftproduksjon og fått inntekter før 2011.

Etter lagmannsretten si vurdering er det ikkje noko som tilseier anna enn at **kapitaliseringsrenta** må setjast til **fem prosent**, jf Rt-2008-195.

Rentetilhøva i den aktuelle perioden tilseier at **saknadsrenta** må setjast til **fire prosent**.

Skjønsmessig fastset fleirtalet tapet av høve til pårekneleg kraftutbygging til kr 4 millionar.

**Mindretalet** er komen til at det er pårekneleg at det ville ha vorte gjeve løyve til kraftutbygging etter alternativ C. Mindretalet legg til grunn at ved bygging av inntaksdam på kote 539 ville det ha vore aktuelt med tilpassingar slik at dei miljømessige verknadane på myra og elva ikkje ville ha vorte nemnande. Det er ikkje påvist raudlista plante- eller dyreslag i Yngsdalen. Utbygginga elles ville ha vorte godkjent i samsvar med opplegget frå Småkraft AS, likevel med det unnatak at det ville ha vorte gjev pålegg om miste sommarvassføring tilsvarande tap i kraftproduksjonen med 1 GWt.

Mindretalet tek utgangspunkt i ei kostnadsråme på kr 52 millionar for prosjektet. Med sannsynleg byggjastart i 2010 må det leggjast til for prisstiging slik at pårekneleg utbyggingspris ville ha vorte kring kr 2,10 per kWt.

Mindretalet legg til grunn ein kraftpris på 34 øre pr kWt. Ordninga med grønne sertifikat ville ha gjeve meirinntekter som tilsvarar 10 øre per kWt i 15 år.

Driftskostnadane ville ha lege på 4 øre per kWt.

Verdet av anlegg etter avtaletida på 40 år må òg takast med ved fastsetjinga av skadebota.

Mindretalet er komen til at tapet skjønsmessig er på kr 5,9 millionar.

I samsvar med fleirtalet sitt syn vert skadebota for tap av kraftutbygging sett til **kr 4 millionar**.

### **Skogshogst**

Dei saksøkte har på visse vilkår rett til å ta ut skog i naturreservatet til det dei treng av ved på bruka.

Lagmannsretten samla legg til grunn at utan veg opp til bruka i Yngsdalen er det ikkje pårekneleg at det elles ville ha vorte teke ut skog meir enn det dei saksøkte kan gjera etter verneføresegna.

Med tilvising til merknadane i samband med spørsmålet om kraftutbygging, legg **fleirtalet** til grunn at det ikkje ville ha vorte bygd frå Osphola opp til Yngsdalen. Same fleirtalet legg difor til grunn at det ikkje er pårekneleg at dei saksøkte ville ha teke ut meir skog enn det dei etter verneføresegnene kan gjera. Etter fleirtalet sitt syn har ikkje skipinga av naturreservatet leidd til tap på dette punktet og det vert difor ikkje utmålt skadebot for tap i utnytting av skogen.

**Mindreatalet** legg til grunn at det ville ha vorte bygd veg frå Osphola opp til Yngsdalen i samband med ei mogleg kraftutbygging. Mindreatalet er likevel komen til at kostnadane med hogst, transport av utstyr og virke og fløyting over Veitastrondavatnet, ville i alle høve vera så store at hogst ikkje ville ha gjeve noko att til dei saksøkte. Skipinga av naturreservatet har difor etter mindreatalet sitt syn ikkje leidd til tap for dei saksøkte på dette punktet.

Lagmannsretten er **samla** komen til at dei saksøkte ikkje skal tilkjennast skadebot for tap ved manglande høve til utnytting av skogen.

### **Dyrking av myr**

Lagmannsretten **samla** er komen til at det ikkje er pårekneleg at dei saksøkte ville ha teke til med dyrking av myrområde der naturreservatet ligg, med mindre at bruka i Yngsdalen fekk vegutløysing frå vegen på austsida av Veitastrondavatn med bruer over vatnet og veg opp i tuna. Bygging av bruer og vegframføring frå brufestet på vestsida av vatnet til Osphola er ikkje med i opplegget frå Småkraft AS. Lagmannsretten ser det slik at kostnadane med ei slik vegutløysing gjer den usannsynleg. Utan veg er det ikkje pårekneleg at dei saksøkte ville ha dyrka opp myrområde i Yngsdalen og etter lagmannsretten sitt syn har dei difor ikkje lidd tap som følgje av inngrepet ved tap i utnytting av myrane til landbruksføremål.

## Sakskostnader

Staten ved Miljødepartementet har kravd overskjøn. Sakskostnadsavgjerda vert teken etter skjønnslova § 54.

Advokat Karl Wahl-Larsen har på vegner av dei saksøkte lagt fram sakskostnadoppgåve på til saman kr 135 657,50 – mva medrekna. Salær utan mva utgjer kr 83 550. I tillegg til kostnader for opphald og reise kjem godtgjersle med kr 16 375 til vitnet Arnulf Røkke. Saksøkkjar som er kjend med kostnadsoppgåva frå advokat Karl Wahl-Larsen, hadde ingen merknader. Lagmannsretten **samla** legg sakskostnadsoppgåva til grunn og saksøkkjar vert pålagt å betala sakskostnader til dei saksøkte med kr 135 657,50.

Vidare vert saksøkkjar pålagt å betala rettsgebyr og salær som vert fastsett for skjønnsrettsmedlemane.

Avgjerda er gjort med dissens for det som gjeld fastsetjing av skadebot for tap av høve til kraftutbygging i Yngsdalselvi. Elles er avgjerda samrøystes.

## SLUTNING:

1. Staten v/Miljøverndepartementet betalar innan 2 – to – veker frå tilseiing av overskjønet skadebot til Albert Yndesdal og Magnus Yngsdal med til saman kr 4 000 000 – firemillionar.
2. Staten v/Miljøverndepartementet betalar innan 2 – to – veker frå tilseiing av overskjønet sakskostnader for lagmannsrett til Albert Yndesdal og Magnus Yngsdal med til saman kr 135 657,50 – eithundreogtrettifemtusensekshundreogfemtisju50/100.
3. Staten v/Miljøverndepartementet betalar lovbundne kostnader med overskjønet og salær fastsett til skjønnsrettsmedlemane.

Ove Midttun

Tone Oppedal

Hjalmar England

Grete Hovland

Einar Sofienlund

Rett utskrift

Marith Karin Andersen  
saksbehandler

## Overskjønn

Det kan krevjast overskjønn for lagmannsretten. Detaljerte føresegner om overskjønn går fram av skjønnsprosesslova av 1. juni 1917. Dei viktigaste vilkåra er:

4. Fristen for å krevje overskjønn er éin månad frå underskjønnet vart forkynt
5. Kravsmål om overskjønn frå ein advokat skal setjast fram skriftleg for den retten som har sagt underskjønnet. Sjølvprosederande partar kan setje fram munnleg kravsmål om overskjønn ved personleg oppmøte i den retten som har sagt underskjønnet. Retten kan tillate at også prosessfullmektigar som ikkje er advokatar set fram munnleg kravsmål om overskjønn.
6. Kravsmålet om overskjønn må nemne
  - den retten overskjønnet høyrer under, partane i overskjønnsaka og i tilfelle deira lovlege fullmaktshavarar
  - det underskjønnet som blir kravd overprøvd
  - om kravet om overskjønn gjeld heile underskjønnet eller berre delar av det
  - dei feila ved underskjønnet som kravsmålet om overskjønn blir grunngjeve med
  - dei tilhøva som er avgjerande for retten til å krevje overskjønn
- Lova inneheld visse avgrensingar i retten til å krevje overskjønn. Kravsmål om overskjønn i sak om formuesverde blir ikkje teke under behandling utan samtykke frå lagmannsretten viss verdien er under 125 000 kroner. Ved vurderinga av om samtykke skal gjevast skal det mellom anna takast omsyn til kva sak det gjeld, kva trong partane har for overprøving, og om det synest å vere svakheiter ved underskjønnet eller ved behandlinga av saka
- Den som krev overskjønn må betale behandlingsgebyr. Opplysning om størrelsen på gebyret og korleis det skal betalast, kan den retten som har avsagt underskjønnet gi

Tingretten kan gi nærare opplysingar om vilkåra for å krevje overskjønn.